

Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Til punkt 3:

Fylkestinget ber om at saka vert utsett i ljos av at ein treng framskaffa fleire opplysningar kring bakgrunnen for praksisen med å gje skular i eit fylke med nynorsk som administrasjonsspråk bokmålsnemninga «videregående skole»..»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Oen sitt forslag fekk 7 røyster (SV, R, MDG) og fall.

Roald Steinseide (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til innstillinga punkt 2:

Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Norheimsund vgs og Øystese vgs vert kalla Hardanger vidaregåande skule.»

Rasmus Laupsa Rasmussen (A) sette på vegner av A, KrF, SV, Sp, MDG og V fram slikt forslag:

«Punkt 3 vert endra til «Tertnes vidaregåande skule»..»

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Fylkestinget ber om ei prinsippsak om namn på vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune og bruk av målform generelt, herunder og Skyss.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken med 44 røyster mot 13 røyster (Frp, MDG, V) for Stenseide sitt forslag. Rasmussen sitt forslag punkt 3 vart vedteke med 40 røyster mot 17 røyster (H, 5Frp) for innstillinga. Oen sitt forslag punkt 4 fekk 38 røyster (A, KrF, Sp, SV, V, MDG, R) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Arna vgs og Garnes vgs vert kalla Arna vidaregåande skule.
2. Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Norheimsund vgs og Øystese vgs vert kalla Kvam vidaregåande skule.
3. Fylkestinget vedtek at den samanslårte skulen Tertnes vgs og deler av U.Pihl vgs vert kalla Tertnes vidaregåande skule.
4. Fylkestinget ber om ei prinsippsak om namn på vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune og bruk av målform generelt, herunder og Skyss.